

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

II. INNSKRIFTER MED BERRE PERSONNAMN

[**805**] N-23247. (Tidlegare omtala: Hagland 1986a: 42; 1988b: 23; 1990b [36].)

Innskrifta står på ein tilspissa pinne eller ei flis som er 190 mm lang og har eit største tverrsnitt på 19 x 5-12 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FE i hovudfase 7/8, som er arkeologisk datert til hundreårsperioden mellom siste kvartal av 1100-talet og siste kvartal av 1200-talet. Det er runer ut mot den smalaste, tilspissa, enden på ei av breisidene. Innskrifta er 17 mm lang, og runene er i gjennomsnitt 14 mm høge. Ein kant av pinnen er sprekt av langsetter, slik at nedre del av runene er borte. På den andre breisida er det ein del krot. R. 1 har boge som startar nesten oppe ved toppen av staven. Nedre del er borte, slik at han i dag ikkje når inn til staven. R. 2, binderuna, har open, nokså skarpt vinkla boge i **r**. Bogen på r. 3 startar høgt oppe på staven og sluttar midt på den bevarte delen av staven:

þ ʀ þ (?)/ ʀ (?)

þ or þ (?)/ **r** (?)

Þórð(r)/ Þórr - 'Tord'/ 'Tor'

Lesemåten av r. 1 som **þ** og r. 2 som binderune **or** er udiskutable. R. 3 har boge heilt oppe frå toppen av staven. Det er ikkje sikre spor etter andre kvistar, slik at teiknet truleg må lesast som **þ** slik det står, jamvel om forma såleis skil det ut frå r. 1, og ei tidleg lesing på Aslak Liestøl i Runearkivet gjer framlegg om **r**.

Innskrifta kan då einast skjønast som mannsnamnet *Þórðr*. Om det her er meint leksikalsk form av ordet eller ei, kan vi ikkje vi seia for sikkert. Innskrifta verkar tilfelleleg og kan godt vera uavslutta. Men slik ho står, har namnet, i allefall tilsynelatande, bortfall av nominativs *r*. Dei arkeologiske funnomstenda tyder, som vi ser, på at dette ikkje er noka sein innskrift i høve til ei slik språkending. Det finst døme på bortfall av *r* i nominativ frå tida kring 1300 og utover (Seip 1955: 303), men Lind (1905-15: 1153) har ikkje døme på nett dette namnet utan både *r* og svarabhaktivokal i nominativ før heilt mot slutten av 1300-talet. Utan kontekst som ho er, kan denne eittords innskrifta såleis neppe nyttast som språkhistorisk evidens for formforenkling i norsk i noko tilfelle.

[